

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den 19.12.2024 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift 1. juni 2004. nr 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 andre ledd, jf. forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune, vedteken av kommunestyret den 19.12.2019.

Regulativet gjeld frå den 01.01.2025. Alle gebyrsatsar er inkl. mva.

AREALBEREKNING

Bruksareal (BRA) blir rekna ut i samsvar med NS 3940, med dei presiseringane som kjem fram i forskrift for vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune.

TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyret blir fastsett slik:

	Vatn	Avløp
Bustad/næringsbygg ≤ 75 m ²	4 815,-	4 181,-
Pr. m ² bruksareal (BRA) > 75 m ²	64,-	56,-

ÅRSGEBYR

Abonnementsgebyr

Satsane for abonnementsgebyr er like for næringsbygg, bustader, hytter, naust og andre bygg. Abonnementsgebyret er delt i ein fast del og ein variabel, arealbasert del:

	Vatn	Avløp
Fast abonnementsgebyr pr. bueining/brukseining	792,-	3 304,-
Variabelt abonnementsgebyr pr. m ² (BRA) ¹	10,56	5,29

1) Dersom samla BRA på bygg på eigedommen er over 35 000 m² gis det 50 % reduksjon i einingsprisen for vatn og avløp på det overskytande areal.

Forbruksgebyr

Forbruksgebyret blir fastsett ved målt forbruk eller stipulert forbruk:

Ved målt forbruk = målt forbruk x einingspris

- Bygg til næringsformål eller offentlege formål skal ha vassmål.
- Bustader, naust og fritidsbustader med godkjent rammeløyve etter 01.01.2020, skal ha vassmål.

	Vatn	Avløp
Einingspris kr/m ³	23,52	32,26

Vatn og avløp

ØYGARDEN KOMMUNE



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 2/2

Ved stipulert forbruk = BRA x 1,2 x einingspris

- Forbruket blir berekna til 1,2 m³ per m² bruksareal (BRA).
- Øvre grense er sett til 180 m² (BRA) pr bueining/brukseining.

Døme:

Ein bustad på 120 m² vil etter stipulert forbruk måtte betale følgjande satsar:

	Vatn	Avløp
Fast abonnementsgebyr:	792,-	3 304,-
Variabelt abonnementsgebyr: 120 m ² x kr 10,56/5,29	1 267,20	634,80
Stipulert forbruk: (120 m ² x 1,2) x kr 23,52/32,26	3 386,88	4 645,44
Totalt	5 446,08	8 584,24

For slamavskiljarar som er kopla til det offentlege avløpsnettet, er tømmekostnaden inkludert i det årlege avløpsgebyret som er oppgitt i dette regulativet.

Frammøtegebyr for avlesing av vassmålar

Dersom abonnenten ikkje les av målararen i tråd med lokal forskrift, og kommunen må gjere avlesinga, må abonnenten betale eit gebyr på kr 1 500,-.

Gebyr for kontroll av vassmålar

Dersom abonnenten eller kommunen meiner at det er behov for å kontrollere vassmålararen eller vassmålarinstallasjonen, må abonnenten betale eit kontrollgebyr på kr 1 500,- pr. gong pr. vassmålar.

Gebyr for plombering, stenging, nyopning av vassforsyninga og mellombels tilknytning

Abonnenten må betale følgjande gebyr ved fråkopling frå det offentlege vassleidningsnettet eller for midlertidig tilknytning:

Stenging:	1 200,-
Opning:	1 200,-
Mellombels tilknytning:	1 200,-

Gebyret skal dekke kostnadene kommunen/ØyVAR har ved stenging og nyopning av vassforsyning.

Gebyrreduksjon i medhald av reglane om prisavslag i forbrukarkjøpslova

Vilkåra for gebyrreduksjon går fram av forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune. Årsgebyret skal reduserast med 0,3 % per påbyrja døgn utover det første døgnet.

Vasskiosk

Kjøp av vatn frå vasskiosk: 35,31 kr/m³